

NR. 3

MARS 1985

18. ARG.

## Dagen da døden døde

Av Vidar Kristensen

*Dagen da døden døde  
er dagen da Jesus stod opp.  
Et under som det har aldri skjedd.  
En kjempegod nyhet blir hurtig  
spredd  
til alle slags mennesker ledd for ledd.  
Jesus stod virkelig opp.*

*Dagen da døden døde  
er dagen da graven var tom.  
Det var ingen tyv som tok hans lik.  
Soldatene flyktet med høye skrik.  
Og englene jublet og klappet slik,  
dagen da graven var tom.*

*Dagen da døden døde  
er dagen som gir oss håp.  
Om natten er mørk og døden nær.  
Og om vi er redde for mye her  
er Jesus i live og derfor er  
dagen i dag full av håp!*

## HUSK FASTEAKSJONEN

Fasteaksjonen  
viktigare enn før



— Aldri har vel Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp vore viktigare enn i år. Dei tørkeramma i Afrika treng hjelp i lang tid framover til dei igjen har bygd opp eit nytt livsgrunnlag. I Asia og Latin-Amerika er det og mange som treng hjelp, seier aksjonsleiar Dag Arne Roum.

For 18. gong går Kirkens Nødhjelp ut med appellen: «Brød for verda». Den lilla fastebørsa har vorte varemerke for aksjonen.

### Mykje å hente

— I fjor gav fasteaksjonen knappe sju millionar kroner. Det er ikkje meir enn kr. 1,70 pr. innbyggjar. Frå dei kyrkjelydane der det

Framhald s. 12

**GOD PÅSKE**

## RYKTA LEVER

Dei gav soldatane mange pengar og sa — «De skal seia at læresveinane hans kom om natta og stjal medan han sov». Dei tok imot pengane og gjorde som dei fekk bod om.

**OG DETTE RYKTET SPREIDDE SEG BLANT JØDANE OG HAR HALDE SEG TIL DENNE DAG. (Matt. 28, 12-15).**

Ja, det har det visseleg. Ryktet har halde seg til denne dag. Og det har spreidd seg like hit til oss. Ryktet om at Jesu oppstode er eit rykte. Ryktet om den naturlege forklaringa.

Anten var det vel læresveinane som stal han eller var han berre skinn-død? Eller så gjekk det vel litt rundt for dei overspente venene hans. Og om det så absolutt skulle vera noko ekstra med Jesus etter hans død, så kunne det vel greie seg med ei lita gass-sjel som slapp frå gravopninga og flagra til Gud?

Men at liket skulle få liv. — Nei, det har nok ei naturleg forklaring. Jesus frå Nasaret — ein stor person i verdshistoria — Jesus Christ Superstar levde og døydde. Punktum.


Det fell ikkje vanskeleg å tru dette ryktet. Ryktet om den naturlege forklaringa. All røynsle syner jo at vatn renn nedover. Og ryktet om at det ein dag rann oppover. Nei takk. Det skriv me på overtrua sin ryktekonto. Den lekamen som er død, den er død. Stikk vekebladet under reimane på påskesekken. Og nyt nokre velfortente påskefridagar ilag med gåsungar og nyklekka kjuklingar.

Framleis let det seg gjere å leva på ryktet. Ryktet om den naturlege forklaringa. Men noter deg at det framleis lever tusen på tusen av menneske som, ilag med underteikna, lever på noko anna. På overtydinga om at Jesus lever. Og at han fylgjer meg frå eg trer beina ut or senga ein vanleg dag og heilt til kvelden kjem og inn i nattmørket. Ja, han skal ein dag fylgja meg inn i døden sitt mørke og ut på andre sida. For hans død var meir enn hans død. Den var det oppgjeret med Gud som ikkje nokon kjem utanom, og som ikkje nokon annan kunne overleva. Men han kunne. Difor er og den tome grava meir enn eit rykte.

Det finst noko som er meir seigliva enn ryktet om den naturlege forklaringa: Det er sanninga om at Jesus lever. Ho er så seigliva at sjølv døden skal visa seg ikkje å kunna ta knekkjen på ho.

Rykta lever. Men også Jesus lever. Og den som lever med han, overlever. God påske!

Øystein I. Larsen, studentprest



### Heile kyrkjelyden syng

Ytre Arna kyrkje søndag 17.3.  
kl. 17.

Ytre Arna barnekor

Ytre Arna ungdomskor

Ytre Arna kyrkjekor

Ytre Arna og Haugland musikklag

Andakt v/Bjerg Bruknapp

Kollekt til Det Norske Misjons-selskap.

### Basar i Indre Arna

«Kvifor er det så få basarar?» får vi stundom høyra. Tidlegare var basarar noko som folk såg fram til. Då møttest naboar og vener og fekk høve til å prata saman. Dette er ein av grunnane til at vi vil prøva på nytt. Dessutan vil vi gjere ein innsats for å få meir pengar til misjon.

Vi inviterer til basar i Arna bedehus måndag den 25. mars kl. 18.00. Krinssekretær Nils Peder Kjetså viser lysbilet og fortel frå Thailand. Vi vil og lage til ein liten kafeteria, og vi ynskjer alle vel møtt til ein hyggeleg basar.

Helsing

Vollen Misjonsforening

### Påskepreken i telegramstil

Den svenske biskopen Bo Giertz fikk en gang dette spørsmålet: — Hvordan ser du på situasjonen i verden i dag?

— Den er mørk — meget mørk, svarte biskopen raskt.  
— Er den håpløs?

Klart og bestemt kom svaret: — Nei, den er ikke håpløs, for Jesus lever.

Dette er påskepreken i telegramstil fra en av Nordens største kirkemenn.



Odd Bondevik


### Gen.sekr. Odd Bondevik til Arna 16. og 17. mars

16.-17. mars kjem Odd Bondevik frå Det Norske Misjonselskap og vert med på møte og gudsteneste i Arna. Laurdag vert det møte i Arna bedehus kl. 16.30, og søndag vert han med ved gudstenesta i Arna kyrkje kl. 11.

Han har nyleg vore ute på misjonsfelt, og vil kunna gje ferske inntrykk derfrå. Alle er velkomne til desse samlingane.


### Misjonens år i Bjørgvin 1984-85

19. febr. — 21. febr. var det misjons-samvær på Trengereid, Tunes, Indre Arna, Unneland og Lone bedehus. Det som gledde mest, var alle barn og unge som tok del. — Til nå er det kome inn ca. 8000,- kr. til dei aktuelle misjonsprosjekta.



# Barneside

Takk Jesus  
fordi du er  
glad i meg




Påsken minner oss om da Jesus døde. Blir du litt trist når du blir minnet om dette? Disiplene av Jesus og mange andre som kjente han ble også sorgfulle da han døde og ble lagt i graven.

Bibelen forteller at Jesus ikke fortsatte å være død, han fikk livet tilbake og han viste seg for disiplene og talte

med dem. Disiplene som var triste ble da med ett glade. Fordi Jesus lever og nå bor i Himmelen kan vi glede oss til Påske. Påsken minner oss også om at Gud elsker oss mer enn noe annet.

Vi har en fin Påskesang som begynner slik: «Påskemorgen slokker sorgen slokker sorgen til evig tid.» Kan du den?



## Premiekryssord

### Vannrett

- 1 Et sted å bo.
- 6 Tull.
- 7 Trene.
- 9 3.14
- 10 Gjorde Judas.
- 11 Tale med Gud.
- 12 Bøye kne.
- 13 Pikenavn.
- 14 Kjøkkenredskap
- 16 Antall.
- 17 Spise.
- 18 Motsatt av kort.

### Loddrett




- 1 Eie.
- 2 Ikke nede.
- 3 Tresort.
- 4 Har løvunger.
- 5 Lite tog.
- 8 Godt.
- 11 Glefse.
- 12 Melsort.
- 13 Øke.
- 15 Drikk bakvendt.
- 16 Har 0 mellom seg.
- 18 Håper du er 10 lodd.

Om du vil vera med i loddtrekninga om ein kasett, må vi ha svar frå deg før 1. april. Du kan levera løysinga i kyrkjene, på prestekontora eller senda dei til: Kyrkjelydsblad for Arna, Peter Jebsensv. 39, 5265 Y tre Arna.



Svar på rebus i nr. 2: Skitur i skogen.



NOE  
Å REBUS  
LURE  
PÅ



# Barneteikningar om påske



Her er nokre av teikningane som kom inn til Kyrkjelydsbladet om påske. Kassetten denne gongen går til Silje Ragnhildstveit, Londalen 42, Espeland.

## KORT SAGT

OM PÅSKE



Lynintervju med  
Lars Gunnar Taule

**Er påske noko meir enn påskeferie?**

— Ja, meir enn jul- og juleferie også. Påske er «kruna på verket».

**Kva tyder påske for deg?**

— Ein fullkommen kjærleikshandling — der Kristus dør i min stad.

**Korleis kan ein kjærleg Gud døma sin eigen son til døden?**

— Min forstand kan ikkje gripa det.

Men i hjarta trur eg at det var av kjærleik til menneska.

**Kva betyr det for deg at Jesus har stått opp frå dei døde?**

— Jesus lever — og eg skal få leva med han, — no og etter min død.

## ÅRSFEST I YTRE ARNA KYRKJELYD

I konkurranse med «morsdagen» var det årsfest i kyrkjelyden 10.2. Årsmeldinga for soknerådet vart lesen opp av formannen Eli Mohn, og den gav inntrykk av eit godt arbeid. Kasseraren Kåre Revheim, la fram rekneskapen for soknerådet og Kyrkjelyds- huset, og desse viste små kassabeholdingar, men ein hadde fått inn det som eir måtte ha til det arbeidet ein no gjer.

Ellers var kyrkjekoret med og song og Israelsmisjonen sitt arbeid vart presentert ved ein lysbiletserie.

Kyrkjeringen hadde også i år ein utlodning til inntekt for Kyrkjelyds- huset. Skal ein kunna få pengar til utgiftene, må det til. Inntektene denne gongen var ca. 5000, eit godt resultat.

Ei takk til kyrkjeringen for arbeidet og ei takk til alle andre som også var med og gav gevinstar.

På biletet ser me nokre frå kyrkjeringen under trekninga.



### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 30,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.



## Begeret Jesus drakk

Mange har lidt mer enn Jesus. Slike innvendinger kan en høre mot påskens budskap.

Og det er sant. Jesus døde uvanlig raskt på korset, mye raskere enn vanlig ved korsfestelser. Så er da heller ikke dette poenget ved påskeevangeliet at Jesu død skulle være et slags høydepunkt i fysiske lidelser.

Hva er det da Jesu lidelse dreier seg om?

Scenen fra Getsemanehagen på skjærtorsdag gir svar på det.

Jesus har gått for seg selv for å be til Gud, og han sier: Far, ta dette beger fra meg. Men ikke som jeg vil, bare som du vil. Tenk deg all urett som er begått i verden, all ondskap, all grusomhet, alle vonde ord, all baktalelse. Tenk deg essensen av alt dette presset sammen og samlet i et beger. Den uhyggelige mengden overstiger vår fatteevne. Men ingrediensene kjenner vi litt til, både fra våre egne liv og fra andres.

Dette begeret drakk Jesus — for oss alle. Det var ingen enklere vei, forteller Bibelen. Gud kunne ikke late som om det onde ikke fantes. Så tok han heller all ondskaper med seg og lot den ramme Jesus.

Dette er en av kristendommens sentrale hendelser. «Forsoningen» blir den kalt. Ingen skjønner den med kald fornuft, men den blir forstått av dem som er rammet av Guds dom i sin samvittighet.

## Samrådsmøte i Arna Sokneråd

Årsmeldingar gjev eit godt utgangspunkt til å drøfta arbeidet. Då må ein setja seg ned og tenkja over kva ein gjer. Arna sokneråd har ei rekkje nemnder og utval i arbeid som leverer årsmelding til soknerådet, og i samband med at nemndene leverar årsmelding, har soknerådet eit møte med representantar frå desse nemndene. Biletet er henta frå dette møtet på Ådnamarka skule, og vi ser ein del av dei som var med på møtet i det dei stemmer i avslutningssongen: Guds menighet er jordens største under.....



## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døyppte

#### Arna sokn:

- 10/02: Kim Andre Røyseth  
Engebretsen, Stian Gar-  
manslund.  
24/02: Espen Assersen Olsen, Mads  
André Andersen, Anette  
Espelid, Christine Koch Hat-  
lebrekke.



### VIGDE:

#### Arna sokn:

- 09/02: Stig Åge Arnetvedt og Heidi  
Karin Vatle  
09/02: Magne Olav Borge og Janet  
Karin Lavik



### Døde

#### Arna sokn:

- 04/02: Sigurd Mjelde, f. 1904  
05/02: Marta Elisa Arnetvedt,  
f. 1890  
08/02: Edvin Nikolai Unneland,  
f. 1910  
09/02: Ola Stalheim, f. 1898  
12/02: Karoline Thunestveit, f. 1921  
14.02: Ivar S. Lothe, f. 1908  
23.02: Styrk Finne, f. 1891  
24.02: Birger Eliassen, f. 1902  
27.02: Olav Mæland, f. 1917  
**Ytre Arna sokn:**  
08/02: Karl Olai Sjursen, f. 1903  
25.02: Konrad Loftås, f. 1907  
25.02: Bjarne Eide, f. 1897  
27.02: Laura Johanne Strømsnes, f.  
1903  
04.03: Karoline Visted, f. 1887

### KYRKJELYDANE SINE BANK/POSTGIROKONTI

Arna sokneråd Bank:  
Boks 11 8440.31.05006  
5260 Indre Arna Post: 5779798

Kyrkjelydshus i Arna Bank:  
Vollavegen 45B 8440.21.04243  
5260 Indre Arna Post: 3498995

Ytre Arna sokneråd Bank:  
P. Jepsensv. 39 3633.30.022625  
5265 Ytre Arna Post: 5935499

Kyrkjelydshuset Bank:  
P. Jepsensv. 39 3633.50.75093  
5265 Ytre Arna

Om nokon vil gje ei gåve til kyrkjelyds-  
arbeidet kan desse konti brukast.

### Ofringane i kyrkjelydane

#### ARNA SOKN:

- 03.02: Bibelselskapet kr. 2.617,-  
10.02: Kyrkjelydshuset kr. 1.203,-  
17.02: Misjonens år kr. 2.550,-

#### YTRE ARNA SOKN:

- 03.02: Bibelselskapet kr. 855,-  
10/02: Norges kristel.  
ungdomsforb. kr. 397,-  
17.02: Misjonssambandet kr. 1.416,-

Presten  
har  
ordet



Øyvind Øy

### Båreandakt

Denne gongen vil eg seia litt om  
båreandakter. Mange har fått inn-  
trykk av at det er slutt med bårean-  
dakt i samband med dødsfall. Rett  
nok er talet på båreandakter sterkt  
redusert i høve til tidlegare, og det er  
fleire grunnar til det. Men det er  
framleis høve til å ha båreandakt for  
dei som ynskjer det.

Frå gammalt var det vanleg at fami-  
lie og naboar var samla i heimen når  
den som var død, vart lagt i kista.  
Ettersom dei fleste dødsfall no skjer  
på sjukehus eller sjukeheim, har det  
vore vanleg å samlast der.

Det er ein fin skikk å samlast til an-  
dakt når nokon har gått bort. Det gjev  
hjelp og kraft å kunne dele Guds ord  
og be saman. Dessutan er det godt for  
familie og naboar å kunne samlast  
ved båra og dele sorga med kvar-  
andre og gje kvarandre hjelp og  
trøyst. Eg trur og det vert lettare og  
samlest til gravferd, når ein først har  
vore samla ved båra og hatt ein båre-  
andakt saman.

Eg reknar ikkje med at bårean-  
dakter vil få same omfanget som det  
hadde tidlegare, men vi vil at alle som  
ynskjer å ha båreandakt, skal få høve  
til det. Prestane står til teneste, så  
langt vi har høve til det, men vi veit og  
at frå gammalt har det vore vanleg  
mange stader at ein lek kristen i  
slekta eller i nabolaget heldt båre-  
andakten.

Øyvind Øy

### Vandringsbønn

Av Gudrun Fagerli

1. Å, hjelp meg, Herre, å vandre  
i gjerninger lagt der av deg.  
Du vet jeg var ofte ulydig  
og hastet min egen veg.

2. Jeg ønsker, Herre, få ære,  
det tenkte jeg mest på av alt,  
så ble det så adslig omkring meg,  
så travelt, fredløst og kaldt.

3. Å vaske hverandres føtter  
se, det er vi skyldige til,  
å bære hverandres byrder,  
å vandre den andre mil.

4. Det greier vi ikke alene,  
det lærer vi bare hos deg.  
Så hjelp meg å se min neste  
og se, Herre, mer på deg!

## Japan — soloppgangens land

### En annerledes misjonsmark

I 1977 ble Gunnlaug Bøyum innviet som misjonær i Arna kirke. Hun er nå ved slutten av en 6-års periode i Japan, og i brevet forteller hun litt om arbeidet sitt.

Hva har jeg så gjort i disse 6 årene siden jeg kom ut hit? De 2 første årene gikk jeg som alle andre misjonærer på språkskole, og mange vil vel undre seg over at det er nødvendig så lenge. Subjektivt sett kan det synes lenge, men objektivt sett er det ikke en dag for lenge. Japansk regnes nemlig for å være et vanskelig språk, av enkelte i Vesten kalt verdens vanskeligste, men likevel ikke umulig å lære. Det tar bare noe tid. I tillegg til kinesiske tegn bruker vi 2 alfabeter, ett for japanske ord samt ett for å skille ut låne-ord fra utlandet, hovedsaklig engelsk. — Så bare ut fra dette vil dere skjønne at jeg ikke har hatt fritidsproblemer.

Men hvorfor alt dette strevet for å lære seg det japanske språket? For strev er det jo. Er det virkelig nødvendig å drive misjon i Japan, vil vel noen av leserne spørre, i denne teknikkens høyborg som og ligger på topp materielt sett? Har vi som misjon noe å gi Japan? Er ikke misjon først og fremst å reise til u-land og drive sosialt arbeid, lære analfabeter å lese og skrive og forbinde sykesår? Med andre ord drive skoler og bygge sykehus? Også dette er misjon, men misjonens mål er først og fremst å gjøre mennesker til disipler, og så vil metodene variere med det enkelte land. Japan trenger ikke vår tradisjonelle sosiale innsats, og derfor blir Japan ofte kalt en annerledes misjonsmark. Alt vårt arbeid er direkte menighetsbyggende arbeid. — Japan er et land som har alt, unntatt Jesus. Derfor må vi drive misjon også her. Av en befolkning på 120 mill. i et land på størrelse med Norge, en tanke

større, er fremdeles bare knapt 1 mill. kristne. — Men asiater, japanere inkludert, er fra gammelt av religiøse, mye mer religiøse enn nordmenn, og her er et utall av religioner. Nye religioner dukker stadig opp, men de fleste av disse såkalte nye religionene er en avart av Japans 2 største religioner, shintoisme og buddhisme. Shintoismen er Japans urgamle religion. — I begge står fedredyrkelse sentralt.

Jeg er utsending for NMS her i Japan som samarbeider med Kinki ev. lutherske kirke, en liten kirke med knapt 2000 medlemmer. I dette samarbeidet står vi sammen med Frikirken. Norsk misjon, også NMS, begynte arbeid i Japan etter krigen.



Spisefellesskap i kirken er viktig i Japan. 1. søndag i måneden er det middag - de andre søndagene er det grønt te med noe knask til. Gunnlaug Bøyum t.h. og presten i midten.

Jeg er såkalt samarbeidende misjonær her, en tittel alle misjonærer får som ikke står i prestatetjeneste. Jeg arbeider i en kirke på et sted som heter Suzuka i Mie fylke, omtrent midt i Japan. Kirken ble dannet for 14 år siden og har i dag et medlemstall på 50, 31 voksne og 19 barn. Dette er en ganske «normal» kirkevekst her i Japan, dvs. kirkene vokser langsomt, og menighetene er jevnt over små.

Hva gjør så en samarbeidende misjonær? For å skape en assosiasjon, kan jeg si at mitt arbeid kan sammenlignes med en katekets arbeid i Norge. Jeg står i samarbeid med en japansk prest. — Da jeg her i Japan bor i et land der kirke og kristendom er ukjent for de fleste, må jeg bruke mye av min tid til å gjøre kirken kjent, drive såkalt kontaktskapende arbeid. Mye av mitt arbeid blir akkurat dette. Jeg prøver å bruke alle naturlige anledninger som byr seg, samt at vi sammen går ut på gater og streder, deler ut traktater og inviterer til møter og gudstjenester. Men resultatet av en slik upersonlig innbydelse til møter, blir ofte magert. Sist vi hadde evangeliseringsmøte, delte vi ut 1000 invitasjoner, men bare 2 nye kom. Og hvordan kom de? Jo, ved personlig invitasjon.

Terskelen til kirken til vanlige møter synes høy. Vi prøver å senke terskelen til kirken gjennom forskjellige aktiviteter i løpet av uken. De mest tradisjonelle metoder er engelske bibelklasser og kokekurs. Til tross for at flere og flere vil lære engelsk fra «native speaker», dvs. engelskmann eller aller helst amerikaner, er det fremdeles mange her ute på landet som tar til takke med en nordmann. «Landet» vil i denne forbindelse si en liten by i japansk målestokk på 160 000 innbyggere. Kokekursene har vist seg å samle flest mennesker, 15-20 hver gang. Og i

løpet av disse 4 årene har jeg undervist i litt av hvert, bl.a. grovbrød, kjøttkaker m/brun saus, bergensk fiskesuppe, «hvit dame», sjokoladecake, eplekake og andre kaker. Og jeg som ikke visste at kokekurs stod så sentralt i en kvinnelig misjonærs tjeneste i Japan! Det hadde ingen fortalt meg! Men det har vært en god husmorskole for meg samtidig. Også hardangersømkurs og norsk jumper/koftestrikking har vært populære. Så nå ligger hardangersømsbrikker og duker på bord rundt om i mange hjem, samt at mange går rundt med norske lusekofter. — Aktiviteten bestemmer en selv. En må bare huske på at de ikke er noe mål i seg selv, bare et middel til å nå flere med Guds Ord. Sang, andakt og bønn har selvfølgelig en naturlig plass på våre samlinger.

Og noen kommer da til tro gjennom vårt arbeid i Japan og. Første påskedag skal en ung jente på 19 år, frk. Mori, døpes, samt en annen ung jente på 14, frk. Sekiguchi skal konfirmeres. Vær med å husk disse i bønn. Kvinnearbeidet står sterkt her i kirkene i Japan, men det er vanskeligere å nå mennene. De har ikke tid til å tenke på sin sjel, travelt opptatt som de er fra morgen til kveld. Det er bra å være arbeidssom, men jeg tror dere ville være enig med meg om at japanske menn har for lang arbeidsdag, delvis frivillig. Denne naturlig lange arbeidstiden er og hemmeligheten bak Japans veldige økonomiske suksess i etterkrigstiden. Men så får de og betale for den i form av stress og selvmord og et kaldt samfunn. Det er mange som strever med å finne en mening med livet midt oppe i dette. Måtte det lykkes for oss å formidle Guds kjærlighet også til det japanske folk. Takk for forbønn og støtte ellers!

Gunnlaug Bøyum

# Karpefiske og sjølvstende i Bangladesh

## Døme på kva fasteaksjonen fører til

— Vi fekk hjelp til å kjøpa inn fiskeyngel og før. I løpet av eitt år har karpene vorte så store at dei kan seljast. Prisen er god, så det vert bra for teneste. For pengane vi tener skal vi kjøpe såkorn, fortel Johuruqu som er leiar for fiskeoppdrettarane i Miadipar.

Miadipar er ein av dei 60 landsbyane i Nord-Bangladesh der det vert drive fiskeoppdrett med støtte og rettleiing frå Kirkens Nødhjelp. I denne delen av landet er all jord oppdyrka. Men landsbydammane er ein uutnytta ressurs som kan gje den jordlause folkesetnaden ny framtid.

### God avtale

Johuruqu fortel at fiskeoppdrettarane har fått ein god avtale med dei lokale jordeigarane. Dei skal ikkje betale meir enn 35 prosent av avlinga i leige.

— Det er den beste avtalen vi nokon gong har fått på desse kantar. Og dessutan, — han smiler lurt — avtalen er tinglyst. Det siste er ikkje minst viktig. Vanlegvis forlangar jordeigarane 50 prosent av avlinga i leige av dei jordlause. Og når avtalen er inngått munnleg har leigetakarane ingen rettar og kan verte utnytta enno meir.

### Kjenne retten sin

— Den som ikkje kjenner lovane i landet og rettane sine vert ofte lurt. Derfor er det ikkje nok å berre drive yrkesopplæring og undervisning. Ein viktig del av arbeidet for å betre kåra for fattigfolk er å gjere oss merksame på dei rettane vi trass alt har, seier Johuruqu.

Han fortel at ved sist lokalval vart det valt inn seks representantar for dei jordlause. Tidlegare har dei alltid stått bakerst i køen. Andre har styrt over dei. Men takk vere karpefiske kan dei no vere med på å ta avgjerder som gjeld dei siøve. Kirkens Nød-

hjelp ønskjer å gje fleire ei ny framtid. Derfor er Fasteaksjonen så viktig. Det kostar så lite å forandre livet for menneske i Bangladesh, India, Etiopia eller Guatemala.



*Karpefisket har gjeve jordlause i Bangladesh ei ny framtid. (Foto: Kirkens Nødhjelp)*

### Framhald frå s. 1

## Husk fasteaksjonen...

har vore husstandsinnstilling veit vi at det er meir å hente. I desse kyrkjelydane har det kome inn mellom 5 og 10 kroner pr. innbyggjar. Dersom alle nordmenn gav like mykje ville Fasteaksjonen nå minst 30 millionar, held Roum fram.

— Du er optimist?

— Ja, men ikkje utan grunn. Ser vi over grensa til Sverige, gjev Fasteaksjonen der 40 millionar kroner. Dei er fleire enn oss, men eit tilsvarende resultat her ville vere 20 millionar. Og nordmenn brukar å vere meir gjevsmilde enn svenskane.

*Framhald s. 13*

Frå s. 12

## Kyrkjelydane sitt ansvar

Roum meiner at kyrkjelydsmedlemene har eit dobbelt ansvar i samband med Fasteaksjonen. For det første er det deira ansvar at dei mange millionane som ligg og ventar vert samla inn.

— Men minst like viktig vil det vere å syne at det skjer noko i kyrkja. Fasteaksjonen gjev kyrkjelydane høve til å syne at ein gjer noko konkret for dei som lid nød i verda, seier Dag Arne Roum.

## INNLEVERING

Fastebøssene kan leverast inn ved påsketider i Sparebanken Vest og Vestlandsbanken sine filialar i Indre Arna, Ytre Arna og på Espeland. Bøssene kan og leverast på prestekontora og ved alle arrangement i kyrkjene i denne tida.

Gåver kan også sendast direkte til Kirkens Nødhjelp, Underhaugsv. 15, Oslo 3 på postgiro 5201405 eller bankgiro 6046.30.09530.


## Kongshaug-kveld i Indre Arna Bedehus

På Lepøy i Os ligg Kongshaug Folkehøgskole, - den einaste folkehøgskolen Misjonssambandet har på Vestlandet mellom Flekkefjord og Molde. Skolen ligg vakkert til mellom fjordar og øyar, og den har eit godt og interessant undervisningstilbod.

Song og musikk er noko som pregar miljøet på Kongshaug. Innan dette vert det gjort mykje både i skoletid og fritid. Skolen har fleire kor, blåsegruppe og smågrupper som syng og spelar.

Ein del av elevane og personalet på Kongshaug vil vitja Indre Arna Bedehus søndag 24. mars kl. 18.00. Vi får då lytta til to av kora ved skolen, og gjerne også ei lita gruppe, eller solosong. Det vert andakt, orientering om skolen og ymse anna program.

På Kongshaug gler dei seg over å få koma til bygda her, og vi vonar at mange vil møte fram for å sjå og høyra denne vakre ungdomsflokken. Vi skulle tru at det vil verta ein fin kveld både for unge og eldre.



## Møte

### BETANIA, LONE:

- 19-24/3: Møteveke  
v/Samemisjonen  
30/3: Ungdomskveld  
4/4: Skjærtorsdag —  
Nattverdmøte kl. 19.30.  
8/4: Møte v/NLM  
18/4: Basar v/NLM

### ARNA BEDEHUS

- 21/3: Eldresamvær kl. 17.00.  
24/3: Besøk frå Kongshaug  
Folkehøgskule.  
28/3: Medlemsmøte for  
Indremisjonen.  
31/3: Møte v/Morten Pedersen.  
4/4: Skjærtorsdag møte  
kl. 19.00.  
8/8: Møte v/Morten Pedersen.  
14/4: Lovsangs-kveld kl. 18.00.  
16-21/4: Møteveke for  
Misjonssambandet.  
18/4: Eldresamvær kl. 17.00.

### YTRE ARNA BEDEHUS

- 19-24/3: Møteveke  
v/Indremisjonen  
Talar Reidun Skurtveit  
14/4: Kristen-Heim samling kl.  
17.00. Lektor Hans Fred.  
Grøvan talar over emnet:  
«Møteformen — Brobyg-  
ger eller kile mellom forel-  
dre og barn?» Familien  
Grøvan synger, bevert-  
ning, samtale. Heile fami-  
lien er invitert.  
Arr. Kristen-Heim nemnda  
i NLM.  
18/4: Arsmøte for  
Santalmisjonen

### HAUGLAND BEDEHUS:

- 4/4: Festsamvær Skjærtorsdag  
kl. 17.00.

## Årsmøte i Arna Søndagsskulelag

Arna Søndagsskulelag har årsmøte laurdag 23. mars kl. 16.00 på Romslo gamle skule. Odd Handal talar. Søndagsskulelærarane og andre interesserte er velkomne.

## Kvinnenes inter- nasjonale bønedag

Det var fin oppslutning om Kvinnenes internasjonale bønedag i Arna og det kom inn kr. 1011 til Bibelmisjonen.

## GUDSTENESTA SKJERTORS DAG

Vi gjer merksam på at gudstenesta i Arna kyrkje skjertorsdag vert kl. 19. Vi samlast til kveldsgudsteneste og minnest den kvelden Jesus sette inn nattverden.

## Samemisjonen

Møtevika i BETANIA, Lone 19. — 24. mars. Reisesekretær Sverre Vågen talar og syng på alle møta. Tysdag deltek Betania musikkor.  
Laurdag og søndag misjonskoret frå Fedje.  
Kollekt på møta.  
Alle er hjarteleg velkomne!  
Velkomen til møte og velkomen til Jesus!

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands  
Blomsterforretning**  
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50  
**Solstrand  
Begravelsesbyrå**  
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50  
*Alltid til tjeneste*

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09  
Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN**  
**VEST**  
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har lavaste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

### ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70  
Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

**VESTLANDSBANKEN**  
Banken i Arna — for Arna-  
folk, der alle kundar, store  
som små, er hjarteleg  
velkomne.  
**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08  
Begravelser og bisettelser  
ordnes. Transport med egen  
bil. Annonser, sanger, sløy-  
fer. Monumenter besørges  
oppsett.



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-  
forhandler

**GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår  
bensinstasjon!*

**Arnatveit Auto Senter**

**J.B. Myklestad**  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40





# Velkommen til kyrkje



- 17/3 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø og gen.sekr. Odd Bondevik. Nattverd. Takkoffer til Misjonsselskapet. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
**Arna kl. 19.00** Ungdomsgudsteneste.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Song av Yngste Røster  
**Ytre Arna kl. 17.00** Heile kyrkjelyden syng. Kollekt til Det norske misjonsselskap.
- 20/3 **Arna kl. 20.00.**Fastegudsteneste v/sokneprest Øy. Nattverd.  
**Trengereid kl. 19.00.** Fastegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 24/3 **Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. BORNA SIN MISJONSDAG. Takkoffer til Santalmisjonen.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Krinssekr. Hageberg. Nattverd. Takkoffer til Santalmisjonen.  
**Trengereid kl. 11.00.** Forstander Audun Tang.
- 27/3 **Takvam kl. 19.00** Fastegudsteneste v/sokneprest Øy.
- 28/3 **Ytre Arna kl. 20.00** Fastegudstjeneste v/res.kap. Sundsbø.
- 31/3 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø.
- 4/4 Skirtorsdag  
**Arna kl. 19.00** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.  
**Trengereid kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd.  
**Takvam kl. 19.00.** Res.kap. Sundsbø.
- 5/4 Langfredag  
**Arna kl. 11.00** Pasjonsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Pasjonsgudsteneste v/sokneprest Øy.
- 7/4 Påskedag  
**Arna kl. 11.00** Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.  
**Ytre Arna kl. 11.00** Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.  
**Trengereid kl. 18.00** Sokneprest Øy. Innsamling av fastebøsser.
- 8/4 2. Påskedag  
**Arna kl. 11.00.** Heimeskr. Kjell Bertil Nyland. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- 14/4 **Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Hjemmenes dåpsring.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Den norske isrelsmisjon.
- 21/4 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Blå Kors. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
**Arna kl. 19.00.** Ungdomsgudsteneste. Kateketane Sandvik og Haugsvæ.  
Samtale med konfirmantar.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Hjemmenes dåpsring.

## Søndag er kyrkjedag

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 4: 1. april.